Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. | Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Bö.

Emne: Nr. 7. | Bygdelag:

Oppskr. av: Johan Sivertsen, | Gard: Steine

(adresse): Bö i Vesterålen. | G.nr. 17. Br.nr. 11.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I vår bygd var det å gå i risskog å skjære ris til for som medskjöyt. Var helst imot våren då det vanligvis var bunö. Dette var eit viktig ledd i föringa, då ikkje jordbruket stod högt i vår bygd. Skav har ikkje vorre nytta her. Brom har vorre nytta her. Dette var rognkvister. Alltid slikt for er no slutt med her. Brukte i denne stad selulose under krigen.

Spörgsm. 3.

Uttrykket å skave har höyrd til vår bygdedialekt sjölv om det ikkje var vanlig praksis.

Spörgsm. 6.

I vår bygd er det björkeskog og litt rogn. Kann også være litt selje. Det er björkeskogen som er den dominerande.

Spörgsm. 9.

Var admindelig meining att kyrne förklest berre av ris, når dei ikkje

9279

fekk höy. Best når det var nytta ris og mel.

Spörgm. 10.

Det er gamalt å gå i „veaskog" som dei segjer her. Det kann være å hugge ved til brensel. „Sagnved" som ein seggjer her var i svert liten målestokk. Gjerdestaur og hesjestaur må ein stort sett innføre. Det var holdt for å være bedre melk av kuer som fekk risfor, men det blei mindre.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9279